

Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i Bjørnafjorden kommune for perioden 2025 – 2029

Vedtatt i Bjørnafjorden kommunestyre 15. mai 2025

Innhald

- | | |
|--------|--|
| Kap. 1 | Innleiing |
| Kap. 2 | Løyveperioden |
| Kap. 3 | Retningslinjer for tildeling av skjenkeløyve |
| Kap. 4 | Retningslinjer for tildeling av salsløyve |
| Kap. 5 | Vilkår for alle løyver |
| Kap. 6 | Kontroll med sals- og skjenkestader |
| Kap. 7 | Brot på alkohollova- sanksjonar |

Kap. 1 Innleiing

Bjørnafjorden kommune sin alkoholpolitikk skal i perioden 2025-2029 byggja på Alkohollova sitt føremål om å avgrensa skader årsaka av alkoholbruk og å redusera bruken av alkohol.

Bjørnafjorden kommune vil leggja til rette slik at alkohol kan omsetjast, men at nyttinga fører til minst mogelege negative resultat. Alkoholpolitikken skal spegla dette synet.

Reiskapen her er kontroll, vegleiing og opplysningsverksemeld i samband med den. Det vert lagt vekt på kompetanseheving hos løyvehavarar, skjenkestyrar, avløysar og vakter – både dei som har fast skjenkeløyve og ansvarlege for skjenking i forsamlingslokala. Ein sikrar då at skjenkinga blir følgt opp av personar som kjenner lovverket.

Desse retningslinene gjeld for alle søkjarar, og slik at løyve som vert overdrege eller vert fornøya kan gjevast til same konsept og på same vilkår som tidlegare.

Retningslinene skal vera rettleiande. Det skal nyttast skjøn ved tildeling av løyve. Bjørnafjorden kommune nyttar elektroniske skjema, og alle som får løyve skal vera kjende med Alkohollova og alle aktuelle kapitel i forskrift til Alkohollova.

Definisjonar

Ambulerande løyve: Ambulerande løyve kan gis for alkoholholdig drikk, men berre til slutta selskap.

Einskild løyve: løyve må vera knytt til ein enkelt bestemt anledning og kan gjevast til eit ope eller lukka arrangement. Løyvet kan også bli gitt for ein avgrensa periode/sesong.

Slutta lag: Med “slutta lag” meinar ein at det allereie og før skjenkinga startar er danna ein slutta krets av personar, som er samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Selskapet er ikkje ope for utanforståande. Eksempel på slutta lag kan vera bryllaup, konfirmasjon, jubileum og liknande.

Sal: Med sal forstår ein overdraging av alkoholholdig drikk til forbrukar mot vederlag for drikking utanfor salsstaden.

Skjenking: Med skjenking forstår ein sal av alkoholholdig drikk på eit avgrensa og godkjent skjenkeområde.

Alkoholfri drikk: Drikk som inneheld under 0.7 volumprosent alkohol.

Alkoholsvak drikk: Drikk som inneheld frå og med 0.7 til og med 2.5 volumprosent alkohol.

Alkoholhaldig drikk gruppe 1: Drikk som inneheld over 2.5 og høgst 4.7 volumprosent alkohol

Alkoholhaldig drikk gruppe 2: Drikk som inneheld over 4.7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.

Alkoholhaldig drikk gruppe 3: Drikk som inneholder frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol.

Kap 2 Løyveperioden for sal og skjenking av alkohol

Kommunalt løyve til sal og skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 vert gjeve etter §1-6 i alkohollova, eller dersom ikkje anna vert bestemt i lov eller forskrift frå kommunale eller statlege myndigheter.

Sals- og skjenkeløyver kan gis for inntil 4 år, med opphør seinast 30. september året etter ny kommunestyreperiode er i gang. Kommunen har vedteke at løyver skal løpa vidare utan foregåande søknad om fornying; etter ein gjennomgang av alkoholpolitikk og alkoholpolitiske retningslinjer.

Tildeling av løyver for alkoholholdige drikkevarer gjeld etter dette fram til 30.09.2028, dersom ikkje annet er fastsatt i enkeltvedtak, eller løyvet av andre grunner er falt bort.

For ein enkelt anledning er det spesifisert eigne vilkår.

Kap 3 Retningsliner for tildeling av skjenkeløyve

Bjørnafjorden kommune har ikkje tak på skjenkeløyve. Ved tildeling av nye skjenkeløyve, skal søkeren sørge for at skjenkestaden er tilrettelagt med tilfredsstillende universell utforming.

Alkoholhaldig drikke med lågare alkoholinnhald enn 22 vol % (gruppe 1 og 2 - øl og vin)

Skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent kan etter individuell vurdering gjevast til alle typar skjenkestader.

Ved tildeling av løyve skal det leggjast vekt på om ei eventuell tildeling kan gjeva negative signal, særleg til ungdom. Ved tildeling av nye skjenkeløyve skal det leggjast vekt på at dette ikkje skal gå utover alkoholfrie tiltak for ungdom som alt er etablert i same område.

Alkoholhaldig drikke med høgare alkoholinnhald enn 22 vol % (gruppe 3 - brennevin)

Skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke med høgare alkoholinnhald 22 volumprosent kan gjevast til overnattingsstader, serveringsstader med matservering og nattklubbar.

Skjenkestader som har løyve for alkoholhaldig drikke med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent, kan få skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke med høgare alkoholinnhald enn 22 volumprosent til slutta lag.

Uteservering

Løyve til uteservering/skjenking gjeld heile året på godkjent og fysisk avgrensa område, slik det skal gå fram av søknadene. Det vert ikkje gjeve løyve til uteservering der slik drift vil vera til vesentleg sjanse for nærmiljøet.

Ordinære skjenketider

Alkoholhaldig drikke med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent kan skjenkast -alle dagar i tida 0600 – 0200.

Alkoholhaldig drikke med høgare alkoholinnhald enn 22 volumprosent kan skjenkast -alle dagar i tida 1300-0200.

Uteservering av alkoholhaldig drikke med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent gjeld -alle dagar i tida 0600-0200.

Uteservering av alkoholhaldig drikke med høgare alkoholinnhald enn 22 volumprosent gjeld -alle dagar i tida 1300-0200.

Utskjenka alkohol må ikkje konsumerast lenger enn 30 minutt etter at skjenketida er slutt, jf. alkohollova.

Det er ikkje tillate med musikk eller underhalding med elektrisk anlegg/høgtalarar på område for uteservering

-etter kl. 22.00 i tida søndag til torsdag

-etter kl. 24.00 i tida fredag til laurdag

Det kan søkjast om dispensasjon frå dette punktet i samband med enkeltståande større musikkarrangement/festivalar. Musikk og underhaldning må innanfor tillatne tider ikkje vera slik at det er til vesentleg sjenanse for dei som bur eller held til ved området der uteservering skjer.

Nattklubbløyve

Det kan gjevast utvida skjenketid

-til kl 0300 alle dagar for nattklubbar. Utvida skjenketid gjeld for all alkoholhaldig drikke.

Ved tildeling av nattklubbløyve skal det leggjast vekt på at skjenkestaden har eit kvalitativt godt konsept t.d. i høve levande musikk, at plasseringa og lokala er høveleg til føremålet, og at det heller ikkje ligg føre andre sterke argument som talar i mot slikt løyve.

Utvida skjenketid

Skjenkestader kan søkja om utvida skjenketid til kl 0300 ved særlege høve/arrangement. Særlege høve/arrangement kan t.d. være arrangement knytt til større festivalar, arrangement med ideelt føremål eller spesielle konserter med nasjonale og internasjonale artistar. Utvida skjenketid kan gjevast for all alkoholhaldig drikke.

Løyve til overnattingsstader

I tillegg til skjenking i tråd med ordinært skjenkeløyve jf. ovanfor, kan overnattingsstader skjenka alkoholhaldig drikke med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent til overnattingsgjester heile døgnet frå minibarar på romma.

Nettsal

Løyvesøkjar kan ut fra ei konkret vurdering gis rett til nettsal.

Kommunedirektøren kan då fastsette vilkår av kontrollhensyn.

Personleg tenesteyting/anna detaljhandel

Alminneleg skjenkeløyve kan gis til personleg tenesteyting slik som frisører, hudpleie, med fleire.

Videre kan det gis alminneleg skjenkeløyve til detaljhandel retta mot eit voksent publikum og der barn og unge ikkje er ein del av målgruppa. Som eksempelvis klesbutikkar og liknande. Slikt skjenkeløyve kan gis for alkoholholdig drikke gruppe 1 og 2.

Skjenkeløyve for eit særleg høve

Kommunalsjef for Helse og velferd har delegasjonsmynde til å gjera vedtak om skjenkeløyve for eit særleg høve, jf. Alkohollova.

Søknaden skal sendast inn på elektronisk skjema og vera administrasjonen i hende seinast 3 veker før arrangementet. På søknadsskjemaet vert søker informert om regelverket for skjenking for eit særleg høve. Søker pliktar å setja seg inn dette regelverket.

Søknaden vert sendt til politiet og sosialtenesta for uttale.

Kontrollørane må få kopi av skjenkeløyve i god tid før arrangementet.

Skjenkeløyve må minimum innehalda følgjande informasjon;

- Namn på løyvehavar/styrar/avløysar, som må vera over 20 år.
- Namn og adresse på skjenkestaden.
- Eit særleg høve vert definert til å vera frå 1-10 dagar.
- Opplysningar om skjenketid, seinast til kl. 0200. Uteservering seinast kl. 0200.
- Fastsettjing av arealet det kan skjenkast på, inne og ev ute.
- Det kan berre gjevast skjenkeløyve til alkoholhaldig drikke med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent.
- Det kan berre skjenkast alkoholhaldig drikke som er levert frå godkjent leverandør.

- Opplysning om kontrolltiltak.
- Skjenking skal skje frå bar eller ved bord.
- Det skal betalast eit gebyr i samsvar med den til kvart tid gjeldande gebyrliste. Gebyr må vere betalt før løyvet takast i bruk.
- Løyvehavar/styrar er ansvarleg for at tydeleg rusa personar ikkje vert skjenka/overskjenka, at det ikkje vert nytta medbragt alkohol, at det ikkje vert skjenka til mindreårige og at skjenketida vert følgd.
- Brot på vilkåra sett i løyvevedtaket og alkohollova kan medføra karantene og/eller tilleggsgebyr for både hus-/grunneigar og arrangør.
- Skjema for internkontroll ved skjenking av alkohol skal vere utfylt og skal på førespurnad følgje søknaden

Ambulerande skjenkeløyve

Bjørnafjorden kommune har 15 ambulerande skjenkeløyver for skjenking av alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent eller alkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnhald enn 22 volumprosent jfr Alkohollova §4-5.

Ambulerande skjenkeløyve kan berre gjevest til slutta lag. Søknad skal sendast inn på elektronisk skjema. Søkjar pliktar å setja seg inn i regelverket for ambulerande skjenkeløyve.

Søknadsfrist er 14 dagar før arrangementet. I særskilte høve kan det gjerast unnatak for denne tidsfristen.

Kontrollørane må få kopi av skjenkeløyve i god tid før arrangementet.

Skjenkeløyve må minimum innehalda følgjande informasjon;

- Namn på løyvehavar/styrar/avløysar, som må vera over 20 år
- Namn og adresse på skjenkestaden
- Opplysningar om skjenketid, seinast til kl 0200. Uteservering seinast kl 01.00.
- Fastsetjing av arealet det kan skjenkast på, inne og evt ute
- Tal på gjester
- Det kan gjevest løyve berre for skjenking av alkoholhaldig drikke med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent, eller løyve for skjenking av all alkoholhaldig drikke
- Opplysning om kontrolltiltak
- Det kan berre skjenkast alkoholhaldig drikke som er levert frå godkjent leverandør
- Skjenking skal skje frå bar eller bord
- Det skal betalast eit gebyr i samsvar med den til kvart tid gjeldande gebyrliste. Gebyr må vere betalt før løyvet takast i bruk.
- Styrar er ansvarleg for at skjenketida vert følgd.
- Løyvehavar/styrar er ansvarleg for at tydeleg rusa personar ikkje vert skjenka/overskjenka, at det ikkje vert nytta medbragt alkohol, at det ikkje vert skjenka til mindreårige og at skjenketida vert følgd.
- Brot på vilkåra sett i løyvevedtaket og alkohollova kan medføra karantene og/eller tilleggsgebyr for både hus-/grunneigar og arrangør.

Kap 4 Retningslinjer for tildeling av salsløyver

Salsløyve for alkoholhaldig drikke med høgst 4,7% kan berre gjevest til daglegvarebutikkar som har eit vareutval og ein profil som opplevast som ordinær daglegvare av folk flest og der ein minimum finn eit rimeleg breitt utval av matvarer og andre nærings- og nyttsesmidlar, dyremat, vaske- og reingjeringsmidlar, toalett- og hygieneartiklar, etc.

Salstid på kvardagar er i tida 0800-2000.

Salstid for dagar før søn- og helgedagar er i tida 0800-1800.

Denne innskrenkinga gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag, då sal kan skje i tida 0800-2000, jfr. Alkohollova §3-7.

Sal skal ikkje skje på søn- og helgedagar, 1.mai, 17. mai

Kap 5 Vilkår for alle løyver

Før søknaden vert avgjort skal det innhentast skriftleg uttale frå sosialtenesta og frå Politiet. Det kan og innhentast uttale frå skatte og avgiftsmyndighetene.

Før løyve kan takast i bruk, må løyvehavar senda inn følgjande dokumentasjonen til kommunen;

- Kopi av bruksløyve frå bygningsstyresmakt
- Kopi som viser at alle tilsette er registrert i arbeidstakarregisteret, at alle tilsette har lovlege arbeidskontraktar og at det er teikna lovpålagt yrkesskadeforsikring for dei tilsette

Det er eit vilkår for alle løyve at verksemda ikkje har uteståande fordringar som skattar og avgifter til kommunen eller anna offentleg etat

Det er eit vilkår for alle løyve at regelverket for godkjenning av løyvehavar/styrar/avløysar vert praktisert slik det går fram av rundskriv til Alkohollova.

Alle som får tildelt sals- og eller skjenkeløyve i Bjørnafjorden skal i løpet av ein 4-års periode har delteke på Bjørnafjorden kommune sine kurs om ansvarleg alkoholhandtering. Dette gjeld minimum styrar og avløysar for løyvet.

Det vil ikkje verta tildelt skjenkeløyve til ein-prosents MC-klubbar, klubbar som sympatiserer med desse klubbane («prospects og hangarounds»), i lokalar som disponererast av slike klubbar eller til arrangement i slike klubbar sin regi uansett kvar slike arrangement skal avhaldast.

Det vert ikkje gitt løyve til arrangement kor born og unge under 18 år er ei hovudmålgruppe.

Det vert ikkje gitt kløyve til arrangement der ein kan forvente at arrangørane eller ein viss del av gjestane tilhører organisert kriminalitet.

Kap. 6 Kontroll med sals- og skjenkestader

Skjenkekontrollar skal gjerast av to godkjente kontrollørar som saman kontrollerer skjenkestaden. Salskontroll kan utførast av ein godkjent kontrollør.

Variasjon i kontrollarbeidet vil bli vektlagt, og både opne og anonyme kontrollar vil skje. Kontrollen skal i tråd med Alkohollova leggje vekt på skjenking til tydeleg rusa person, aldersgrenser for gjester og personale, skjenketider, opningstider, forbod mot skjenking, skjenking utover løyvet sine grensar, plikt til å føre alkoholsvak og alkoholfri drikk, forbod mot reklame for alkohol, høve mellom tal på tilsette, tal på gjester og storleiken på lokalet, generell orden i lokalet, etc.

Det skal også kontrollerast at Internkontrollsystemet er på plass på sals- og skjenkestaden. Kontrollørane skal uhindra kunna utføra kontrollverksemda.

Kap. 7 Brot på alkohollova – sanksjonsreglar

Det er nasjonale sanksjonsreglar for brot på alkohollova, reglar for tildeling av prikker og inndragning av løyver ved overtreding av alkohollova, bestemmelser gitt i medhald av alkohollova, bestemmelsar i lov eller i medhald av lov som har samanheng med alkohollova sitt formål, eller plikter som følgjer av vilkår i løyvevedtaket.

Det skal tildelast prikker etter eit fastsett system, og reglar for lengda og tidspunkt for inndragning, samt saksbehandlingsreglar er lik for alle kommunar.

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år er tildelt til saman 12 prikker, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt fleire enn 12 prikker skal kommunestyret auka lengden på inndragninga tilsvarende.

Oppsummering av alkoholforskriftene §10-3 med oversikt over tal prikkar i forhold til type brot:

Antall prikker som vert tildelt ved kvart regelbrot:

8 prikker

- Sal, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år
- Brot på bistandsplikta
- Brot på kravet om forsvarleg drift
- Hindring av kontroll

4 prikker

- Sal, utlevering eller skjenking til person som er openbert påverka av rusmidlar
- Skjenking til person som er eller må antakast å bli openbert påverka av rusmidlar
- Brot på sals-, utleverings- og skjenketidsføresegnene
- Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 (brennevin) til person på 18 eller 19 år
- Brot på alderskrav til den som sel, utleverer eller skjenker alkoholhaldig drikk

2 prikker

- Det vert gjeve tilgang til lokalet til person som er openbert påverka av rusmidlar, eller løyvehavar sørger ikkje for at person som er openbart påverka av rusmidlar forlet staden
- Manglar ved løyvehavar sitt internkontrollsysten
- Manglende levering av omsetjingsoppgåve innan fastsett frist
- Manglende betaling av løyvegebyr innan kommunen sin frist
- Brot på reglar om styrar og avløysar
- Gjentatt diskriminering
- Gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestaden

1 prikk

- Brot på reglene om alkoholfrie alternativ
- Brot på reglane om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad
- Brot på reglane om skjenkemengde for brennevin
- Brot på vilkår i vedtaket
- Konsum av medbrakt alkohol
- Gjester tek med alkohol ut av lokalet
- Brot på reklameforbodet
- Andre brot som vert omfatta av Alkohollova

Formannskapet sin vedtakskompetanse er delegert vidare til kommunedirektøren med unntak av alkoholpolitiske retningslinjer og andre saker av prinsipiell betydning.